



TROMSØ

Arkeologiske rapporter fra
Norges arktiske universitetsmuseum

2025



Fangstanlegget på Storjord

Undersøkelse av fire fangstgroper i Saltdalen

Alice Sunde Kvalheim



UiT Norges arktiske
universitetsmuseum

Tromura 2025

Arkeologiske rapporter fra Norges arktiske universitetsmuseum, UiT Norges arktiske universitet

ISSN: 2535-4248 (elektronisk utgave)

Utgiver: Septentrio Academic Publishing, Tromsø, Norway

Redaksjon: Anja Roth Niemi og Janne Oppvang

DOI: <https://doi.org/10.7557/trm.8341>

Foto: Norges arktiske universitetsmuseum - UiT Norges arktiske universitet

Kart og illustrasjoner: Kenneth Webb Vollan, Erik Kjellman og Martine F. Lahti

Gjenstandsfoto: -

Fotogrammetri: Kenneth Webb Vollan, Erik Kjellman og Martine F. Lahti

Prosjektet er bekostet av Nye Veier

Forsidefoto: Rensing av grop 2 etter maskinell avtorving. Kenneth Webb Vollan, 16.08.2022

Rapporten er lisensiert under en [Creative Commons Navngivelse-DelPåSammeVilkår](#) (CC BY-SA). Lisensen tillater andre å tilpasse og bygge videre på arbeidet så lenge det krediteres og lisensieres videre på samme måte.

Fangstanlegget på Storjord

Undersøkelse av fire fangstgroper i Saltdalen

Alice Sunde Kvalheim



UiT Norges arktiske
universitetsmuseum

Lokalitet: Storjord
Id.nr.: 37433-1, -2, -3 og -4
Kulturminnetype: Fangstlokalitet
Undersøkelsesår: 2022
Areal: 350m²

Tiltakshaver: Nye veier

Kommune: Saltdal Kommune
Fylke: Nordland Fylkeskommune
Gnr./bnr.: 71/1 og 81/1
Koordinater: UTM Sone 33 N: 516717 Ø: 7411930N

Feltleder: Jørn Erik Henriksen
Prosjektansvarlig: Anja Roth Niemi
Rapport: Alice Sunde Kvalheim
Dato: 09.10.2025

Prosjektnr.: 100226101
Elements nr.: 2024/632700
Aksesjonsnr.: 2025/20
Fotobase: TSAD 137
Gjenstandsbase: TS 16506

Nøkkelord: Arkeologi, utgravning, fangstgroper, fangstanlegg, fangst, reinsdyrjakt, elgjakt, yngre steinalder, tidlig metalltid, Nordland, Saltdal,

Key words: Archaeology, excavation, trapping, pitfall traps, pitfalls, reindeer hunting, elk hunting, Stone Age, Bronze Age, Northern Norway.

Sammendrag

Fangstanlegg ID 37433 på Storjord i Saltdalen består fem av fangstgroper, der fire vart arkeologisk undersøkte i 2022 i forbindelse med utbetring av E6. Disse gropene ser ut til å vere del av eit større anlegg som held fram på austsida av Saltelva. To område mellom tre av fangstgropene vart også avtorva og undersøkt: her vart det registrert ein struktur som er tolka som ein eldstad. Gropene har omtrentleg lik storleik og ligg i jamn avstand frå kvarandre. Fangstgropene og eldstaden har dateringar frå 3650 fvt. til 790 fvt.

Summary

The ancient trapping site ID 37433 on Storjord in Saltdalen, Nordland County, consists of five pitfall traps, four of which were archaeologically investigated in 2022 in connection with improvement of E6. These pits appear to be part of a larger system of pitfall traps, that continues east of the river Saltelva. Two areas between three of the pits were also excavated and investigated: a structure interpreted as a hearth was recorded here. The pits were of approximately the same size and located at equal distances from each other. The trap pits and the hearth have dates from 3650 BCE to 790 BCE.

INNHALD

Bakgrunn for utgravningen	1
Omsøkte kulturminner	1
Beliggenheit og kulturmiljø	2
Problemstilling og prioriteringer	3
Gjennomføring	3
Undersøkningsmetode og dokumentasjon	4
Feltmetode	4
Dokumentasjon	6
Prøveuttak.....	6
Undersøkte strukturar	7
Grop 1 (Askeladden-id 37433-1).....	8
Grop 2 (Askeladden-ID 37433-2).....	10
Grop 3 (Askeladden-ID 37433-3).....	11
Grop 4 (Askeladden-id 37433-4).....	12
Eldstad	13
Dateringer	14
Oppsummering og diskusjon	15
Kjelder	18
Vedlegg.....	19

BAKGRUNN FOR UTGRAVNINGEN

Den 19.02.2014 varsla statens vegvesen Nordland fylkeskommune (NFK) om oppstart av planarbeid for E6 Sørrelva – Borkamo. Plana legg til rette for betring av ei 5,8km lang strekning som i dag ikkje oppfyller krav til standard. Den 07.04.2014 meldte NFK om behov for arkeologiske registreringar i planområdet. Synfaring vart gjennomført i perioden 22 – 24.09.2014. Det vart ikkje påvist konflikt med andre automatisk freda kulturminne enn det allereie kjende fangstanlegget med id 37433. Fangstanlegget består av fem fangsgroper, der fire av desse skal undersøkast (id 37433, enkeltminner 1, 2, 3 og 4). Den femte fangstgropa hamna utanfor tiltaksområdet.

Statens vegvesen delte strekninga inn i tre delstrekningar og plana for parsellen Hestbrinken – Borkamo, som inneheldt fornminna, vart lagt ut til offentleg ettersyn den 06.07.2017. I brev av 18.09.2017 frå NFK til riksantikvaren (RA), vart det søkt om dispensasjon frå §8, fjerde ledd for id 37433-1, 2, 3 og 4.

I brev av 04.10.2017 frå Noregs arktiske universitetsmuseum (UM) til RA vart det anbefalt å gje dispensasjon sånn at detaljreguleringa for E6 Sørrelva – Borkamo, parsell Hestbrinken – Borkamo kunne realiserast. Vilåret var at det måtte verte ein arkeologisk undersøking av dei fire enkeltminna, betalt av tiltakshavar.

I brev av 05.10.2017 frå RA til NFK vart det gitt dispensasjon til planane.

I brev av 08.03.2022 frå Nye Veier AS til NFK vart arkeologisk granskning av fangstgropene id 37433-1, 2, 3 og 4, bestilt. I brev av 10.03.2022 frå NFK til RA vart UM bedt om å utarbeide prosjektplan og budsjett for §10-vedtak.

Riksantikvaren fatta vedtak om kostnader og omfang jf. kulturminnelova §10 den 01.04.22. Kostnadane skal dekkes av Nye Veier AS. I e-post av 08.04.2022 til UM aksepterer Nye Veier AS vedtaket, og bestiller arkeologisk undersøking. Denne ble gjennomført 15.-26. august 2022.

OMSØKTE KULTURMINNER

Fangstanlegg id 37433 på Storjord består i dag av fem fangstgroper, og ut frå størrelsen vart det antatt at det truleg er fangstgroper for elg. Ei sjette fangstgrop i dette gropsystemet er sannsynlegvis fjernet i forbindelse med vegbygging av dagens E6-trasè. Grop id 37433-5, som blir liggande mellom vegen og friområde langs Saltelva, vert ikkje rørt av plana.

Dei ved rørte enkeltminna vart beskrive som følgjer:

Lokalitet id 37433-1

Fangstgropa ligg inn mot fjellfoten i nordaust, og måler (rekna frå topp voll) 7,1 m NV-SØ og 6,5 m NØ-SV. Djupna er om lag 0,8 m. Vollen er vag og utflytande. Det er antydning til trekasse i botnen.

Lokalitet id 37433-2

Fangstgropa ligger ca. 27 m sørvest for enkeltminne 1, og måler om lag 10 m NV-SØ og 8,5 m NØ-SV. Djupna er målt til 1,5 m. Det er markert voll, som er inntil 0,4 m høy. Gropa har U-forma tverrsnitt med antydning til trekasse.

Lokalitet id 37433-3

Fangstgropa ligger ca. 26 m sørvest for enkeltminne 2, og måler 10 m NV-SØ og 7,9 m NØ-SV. Djupna er 1,2 m. Vollen er til dels godt markert og inntil 0,35 m høy. Nær U-forma tverrsnitt med antydning til trekasse.

Lokalitet id 37433-4

Fangstgropa ligg om lag 22 m sørvest for enkeltminne 3, og måler 9,9 m NV-SØ og 9,2 m NØ-SV. Djupne 1,4 m. Markert voll inntil 0,4 m høg. V-forma snitt og spor etter trekasse.

Enkeltminne id 37433-5 som ikkje vert rørt ved av plana:


Lokalitet id 37433-5

Fangstgropa ligger om lag 54 m sørsørvest for enkeltminne 4, og måler 9,5 m NV-SØ og 8,7 m NØ-SV. Djupne 1, 4 m. Markert voll ca. 0,35 m høg. U-forma snitt utan teikn til kasse. Gropa er universelt tilrettelagt av Statskog og brukast av Nordland nasjonalparksenter i formidlingsarbeidet dei gjer.

BELIGGENHEIT OG KULTURMILJØ

Storjord ligg i Saltdalen i Saltdal/Sálat kommune, i Nordland fylke (Figur 1), som strekk seg frå botnen av Skjerstadvjorden i nord og sørover mot Saltfjellet. Dalen er brei med store flate dekkja av furu. Det er dyrka mark med gardar i rekke og rad oppover heile dalen.

Lokaliteten ligg på ei flate på ca. 120m.o.h. som er dekkja av blandingsskog beståande av høge furutre, bjørk og andre lauvtre og busker. Sørvest for lokaliteten går det ei bratt skråning på ca. 25 høgdemeter, ned til Saltelva, som renn gjennom heile dalen. Fangstanlegget ligg på nordaustleg side av elva. Storjord er eitt av dei trongaste, og brattaste, områda i Saltdalen. På andre sida av elva ligg det ytterlegare fem fangsgroper (i følge Askeladden er det registrert fem fangsgroper her, men på lidar-kart ser det ut til å vere seks), desse ligg i ei line frå fangstgropane som vart undersøkt under dette prosjektet og er truleg del av same anlegget. Dette vil bli diskutert seinare.



Figur 1: Oversiktskart over lokalitetens plassering

Det er berre undersøkt tre dyregraver i Nordland. To groper id 102278 på Tromoen i Grane kommune vart undersøkt i 1991, og eit trestykke frå den eine skal være datert til ca. 730 e.Kr. Det vart også grave ei fangstgrop id 100154 på Elggravmoen i Hemnes kommune i 1986. Både Grane og Hemnes kommune ligg innafør Vitenskapsmuseet (NTNU) sitt distrikt. Norges arktiske universitetsmuseum har ikkje føretatt arkeologiske undersøkingar av fangstgroper i Nordland.

I Saltdalen er det registrert buplassar og aktivitetsområde frå steinalderen, samt fleire fangstanlegg, eitt av desse (id 47457) ligg berre ca. 280m nord-vest for vårt fangstanlegg.

Ca. 100m.o.h., i elvemøtet mellom Saltelva/Lønselva og Junkerdalselva finn vi fleire buplassar og aktivitetsområde frå steinbrukande tid. På Storjord er det registrert tre buplassar frå steinalder (id 47474, 8107 og 17425). Samtlege var registrert på bakgrunn av lausfunn, men på id 17425 skulle det også ha vore funnet eldstader på 15-18 cm djupne (Simonsen, 1958-7). I 1989 vart lokalitet med Id 17425 undersøkt av arkeologar frå Noregs arktiske universitetsmuseum (UM). Utanom eitt flintavslag i pløyelaget, vart det ikkje gjort andre funn som viser til aktivitet i steinalderen.

Vegstrekket som no er valt røra ikkje ved denne, eller andre, lokalitetar.

Ved Saltdalsfjorden, i Saksenvik og på Setså, har kvernsteinsproduksjon vore stor industri. Av Aslak Bolts jordebok frå 1430-talet kjem det fram at erkebispesetet hadde part i kvernberget på Setså. Frå brotet ved Hestgardmoen id 87731 har vi ei 14C-dateringer frå 1040-1270 e.Kr. Kvernsteinsbrota ligg om lag 33,5 km nord for Storjord (Niemi og Lind, 2022).

Inger Storli (1992) har studert «stallo»-buplassar ved Straitsjokka og Semska på Saltfjellet. Tuftene (teltbuplassar med voll rundt) har dateringar til yngre jernalder og mellomalder og kan knytast til samisk villreinjakt. Avstanden til Storjord er om lag 18 km.

PROBLEMSTILLING OG PRIORITERINGER

På bakgrunn av gjennomgåande problem i undersøkinga av fangsgropanlegg vart det formulert nokre konkrete problemstillingar som ein hadde som målsetjing å sei noko om ved prosjektets slutt. Desse problemstillingane presenterast slik:

- Når vart fangstgropanlegget fyrst etablert?
- Når gjekk fangsgropanlegget ut av bruk?
- Er anlegget nytta samanhengande over tid, eventuelt i fleire separate periodar?
- Korleis er fangstgropene konstruert?
- Aktivitet utanfor, og mellom, fangstgropene.
- Dokumentere gropene sin relasjon til landskapet, spesielt med tanke på trekkleie for storvilt.

Hovudprioriteringane på lokaliteten var å hente inn nøyaktige mål av gropene, dokumentere konstruksjonsmåte, plassering i landskapet, identifisere eventuelt andre konstruksjonar/strukturar og hente inn dateringar frå så sikre kontekstar som mogleg.

GJENNOMFØRING

Anja Roth Niemi var prosjektleiar for prosjektet og Jørn Erik Henriksen var utgravingsleiar. I felt hadde utgravingsleiar med seg Kenneth Vollan som feltleiar GIS, og fire feltarkeologar: Åsmund Aasberg, Johan Grøtte, Jill Lage og Sofie Skjold (Figur 2).



Figur 2: Gruppebilde, inkluderer også prosjektets gravemaskinførar.

Undersøkingane føregjekk mellom 15 og 26 August 2022 og omtrent 350m² vart undersøkt.

Undersøkingforholda på lokaliteten var i utgangspunktet gode. Området er flatt, har enkel tilkomst frå hovudveg, men enkelte større stein og hogstavfall avgrensa kvar gravemaskina kunne køyre.

Henriksen og Vollan gjekk over i nye stillingar i løpet av etterarbeidsperioden, noko som førte til at ferdigstillinga av prosjektet vart forseinka. Hausten 2024 overtok Alice Sunde Kvalheim arbeid med prøvehandsaming, katalogisering og rapport, mens figurar og databehandling i hovudsak er utført av Martine Franksdatter Lahti, med assistanse frå Erik Kjellman.

Forfattar har overtatt dokumentasjon frå feltarbeidet samt saksdokument og andre dokument frå prosjektets planlegging. Rapport er basert på desse opplysningane samt samtalar med utgravingsleiar som utførte undersøkinga.

UNDERSØKINGSMETODE OG DOKUMENTASJON


FELTMETODE

Målet med utgravninga var å få fram gjennomgåande profilvegga som viser gropas konstruksjon og nedbryting, forhold til terreng og undergrunn utanfor gropene, og som egna seg for prøveuttak.

I prosjektplanen var det lagt opp til å undersøke 50% av kvar av fangsgropene, samt av avgrensa areal i direkte tilknytning til gropene. Utgravninga skulle utførast ved at to diagonale seksjonar gravast ut sånn at kryssande profila kunne dokumenterast. Profilane skulle inkludere vollane rundt gropene. Fyllmassane i gropene skulle i all hovudsak fjernast ved hjelp av gravemaskin. Profilar rensas manuelt. Eventuelle bevarte restar etter trekasse eller andre innretningar i gropene skulle undersøkast manuelt. I tillegg skulle gravemaskina flateavdekke eit område på inntil 2 meter rundt gropene.



Figur 3: Arbeidsfoto, reinsking av grop 2 etter maskinell avdekking. Sett mot nord/nordøst.



Figur 4: Oversikt over dei undersøkte gropene og korleis desse har vorte snitta og kva kakestykke/del som har vorte grave vekk.

Når ein kom i felt vart det likevel tydeleg at ein måtte endre metode på grop 1 då det var vanskeleg for gravemaskina å manøvrere i området pga. steinblokker og liknande. Denne gropa vart difor snitta og har ein profil som skjærer gjennom midten av anlegget, der den eine halva vart fjerna. Områda mellom gropene vart også avtorva for å leite etter andre strukturar som relaterte seg til fangsgropene/fangstaktiviteten på lokaliteten. Dette kan vere strukturar som eldstadar, stolpehol etter ledegjerder og liknande.

Gropene vart undersøkte i tråd med metodikken, bortsett frå grop 1, som nettopp nemnt. I rapporten er berre ein profil per grop representert, bortsett frå for grop 4. Dette er fordi det var ein del tull med innmålingane og tida det tok å setje saman profilane kunne ikkje forsvarast i forhold til tilgjengeleg tid satt av til etterarbeidet på dette prosjektet. Grop 2 og 3 har difor berre profilen som kullprøvene vart tatt, og analysert frå, representert i rapporten. Innmålingane frå grop 4 var betre og denne er difor representert med begge profilane i rapporten.



Figur 5: Prosjektet vart avslutta på ein godvêrsdag. Jørn og Johan sjekkar at alt er ferdig stilt, Ein kan sjå gravmaskinførar Glenn i bakgrunnen der han fyller igjen gropene med maskin.

DOKUMENTASJON

Dokumentasjonen på lokaliteten er i all hovudsak utført i tråd med UMs standardar. Dette gjeld innmåling av funn, strukturar og anlegg samt foto, fotogrammetri og teikning av desse. Ein har også nytta drone til å ta nokre fotogrammetriseriar og for oversiktsfoto.

I omarbeidinga av dokumentasjon har det vorte klart at innmålingane er noko unøyaktige. Dette har gitt utfordringar knytt til dei meir nøyaktige målepunkta, slik som for prøver tatt frå profil og for georeferansepunkt for fotogrammetriar. Dette kjem truleg av at det var varierende dekning på GPS-en, som kan skuldast at ein jobba i eit dalføre, omringa av svært høge tre.

Utfordringa er mest markant når det gjeld den fotogrammetriske dokumentasjonen av grop 1, her gjorde innmålingane at det ikkje let seg gjere å georeferere profildokumentasjonen.

PRØVEUTTAK

På denne lokaliteten vart det tatt fleire kolprøve og makroprøve frå kvar av dei fire gropene. Datering av fangsgroper er vanskeleg og tradisjonelt har ein forsøkt å datere gamal markoverflate slik at ein har dei eldste moglege datering på lokaliteten. Vi bestemte oss for å sende inn to kolprøver frå kvar av gropene som dateringsprøve. Prøvane som vart valt ut frå gropene vart valt ut frå kvar i profilen dei vart tatt. Vi forsøkte, så godt det lèt seg gjere, å ta ei prøve frå botnen av nedgravinga og ei prøve frå under vollen i kvar av gropene. Strategien her var å forsøke å ta prøve frå så trygge kontekstar som mogleg. Prøvane frå under vollen kan representere fossil markoverflate og prøvane frå botnen av nedgravinga kan representere rester av innvendige trekonstruksjonar eller materiale som har vorte fanga nede i gropa kort tid etter etableringa, eller i løpet av gropa si brukstid.

Det vart også sendt inn ei kolprøve frå ein struktur som kan være ein eldstad. Denne dukka opp på det avtorva området mellom grop 3 og 4. Her vart det tatt to prøve og vi sendte inn den som vart tatt ca. 50cm under torvoverflata. Vi valte å sende inn denne då det er truleg at det har vore skogbrannar i området etter at lokaliteten gjekk ut av bruk, og det ble antatt at ei prøve frå 50cm

ned i undergrunnen vil være mykje mindre utsett for forstyringar enn den som var tatt høgare oppe.

Det vart ikkje prioritert å sende inn makrofossilprøver, eller andre typar naturvitskaplege prøver frå denne lokaliteten.


UNDERSØKTE STRUKTURAR

Gropene ligg i eit jamt belte i retning nordaust - sørvest. Grop 4 er nærast Saltelva og ligg ca. 95 m frå dagens elvebreidd (Figur 7). Det finst ei fangstgrop til på lokaliteten som ligg nærare elva, men denne vart ikkje undersøkt då den fell utanfor tiltaksområdet. Denne gropa, som enkeltminne, har id 37433-5 i Askeladden og ligg ca. 56 m i luftline frå dagens elvebreidd.



Figur 6: Oversikt over lokaliteten og dei 5 individuelle fangstgropane der grop 1 - 4 vart undersøkte. (skjermbilete frå askeladden.no)

Det vart ikkje funne nokre gjenstandar i løpet av undersøkingane, men fem anlegg vart identifiserte og undersøkte; fire fangstgroper og ein eldstad. Fangstgropene var tydelege og det var difor enkelt å identifisere anlegga og setje ut nøyaktige profilar. Den anteke eldstaden vart funne då ein avtorva områda mellom gropene.



GROP 1 (ASKELOADEN-ID 37433-1)

Grop 1 ligg lengst nordaust på lokaliteten, eitt snitt vart grave tvers gjennom gropa slik at strukturen har éin, lang profil. Dette vart gjort då det er lite rom for manøvrering rundt gropa, her er ein del steinblokker og liknande.




Figur 8: Grop 1 før trefelling og graving, sett mot vest.

Mål: 4,6m i diameter, på det største. Vi har diverre ikkje mål på voller eller djupne på gropa då slike mål ikkje vart tatt manuelt i felt og gropa ikkje kunne georefererast i etterarbeidet pga. GPS-feil.

Det er ikkje teikn til indre konstruksjonar i gropa.

Stratigrafi; frå botnen av profilen, til toppen av overflata (Figur 9)

1. Grov sand/grus med mørk grå farge.
2. Grå sand/grus (NØ-voll)
3. Raud sand/grus (SV-voll)
4. Rød sand/grus (NØ-voll)
5. Brun sand/Grus
6. Torv



Figur 9: Profilen frå grop 1, daterte kolprøver markert. OBS! Ikkje georeferert profil, plassering av prøvane har ein liten feilmargin.

GROP 2 (ASKELOADEN-ID 37433-2)

Ligg ca. 26m sørvest for grop 1 (målt frå topp av voll til topp av voll). Denne gropa, i likskap med grop 3 og 4, vart undersøkt ved hjelp av kryssprofilar der ein delte gropa inn i fire deler for deretter å grave vekk to diagonale «kakestykke».



Figur 10: Grop 2 før graving, sett mot sørvest.


Mål: Frå topp av voll til voll: 6,4m, frå topp av voll til botn av antatt nedgraving: 2,3m, frå toppen av innraste masser til topp av voll: 1,3m, frå topp av innraste masser til botn av nedgravinga: 1,4m og vollane er mellom 33 og 37cm høgre enn dagens markoverflate.

Det er ikkje teikn til indre konstruksjonar i gropa.

Stratigrafi; frå botnen av profilen, til toppen av overflata (Figur 11).

1. Grov sand med mørk grå farge
2. Brun sand/grus med stein
3. Grå sand/grus (utvaskingslag)
4. Torv

På den austlege sida av grop 2 har vollen ein utposing. Denne utposinga består av dei same massane som vollen, men det er også målt inn tre separate kullkonsentrasjonar. Desse består av store, og mange berre delvis, brente betar av kol. Desse kolflekkane ser ikkje ut til å vere del av strukturen. Kolflekkane er tolka som restar etter nyare tids skogbrann.



Figur 11: Profil frå grop 2, daterte kolprøver med resultat er markerte.

GROP 3 (ASKELOADDEN-ID 37433-3)

Ligg ca. 27m sørvest for grop 2.




Figur 12: Grop 3 før opprydding av skogsavfall og graving, sett mot nordvest.

Mål: Frå topp av voll til voll måler gropa 6,5m, frå topp av voll til botn av antatt nedgraving: 2,56m, frå toppen av innraste masser til toppen av voll: 1,26m, frå toppen av innraste masser til botn av nedgravinga: 1,3m og vollane er mellom 22 og 32cm høgare enn dagens markoverflate.

Det er ikkje teikn til indre konstruksjonar i gropa.

Stratigrafi; frå botnen av profilen til toppen av overflata (Figur 13).

1. Grov sand/grus med mørk grå farge
2. Brun sand med stein
3. Grå sand
4. Torv



Figur 13: profil frå grop 3, daterte kolprøver med resultat er markerte.

GROP 4 (ASKELOADDEN-ID 37433-4)

Ligg ca. 23m sørvest for grop 3 (målt frå voll til voll). Denne gropa var noko skada etter store mengder hogstavfall, samt hjulspor over voll.




Figur 14: Grop 4 før opprydding av skogsavfall og graving, sett mot sørvest.

Mål: Frå topp av voll til voll måler gropa 5,8m, frå topp av voll til botn av antatt nedgraving: 2,7m, frå toppen av innraste masser til toppen av voll: 1,3m, frå toppen av innraste masser til botn av nedgravinga: 1,4m og vollane er mellom 38 og 40cm høgre enn markoverflata.

Det er ikkje teikn til indre konstruksjonar i gropa.

Stratigrafi; frå botnen av profilen til toppen av overflata (Figur 15).

1. Grov sand/grus og stein med mørk grå farge
2. Brun sand/grus med stein
3. Grå sand/grus
4. Torv



Figur 15: Profilane frå grop 4, daterte kolprøver med resultat er markert.

ELDSTAD

På det avtorva området mellom grop 2 og 3 vart det ikkje identifisert nokre strukturar eller anlegg. På det avtorva området mellom grop 3 og 4 vart det derimot identifisert ein struktur som ein har tolka som ein eldstad. Dokumentasjonen av denne er diverre mangelfull og det er usikkert korleis strukturen har sett ut. Det vart grave ei sjakt, med ei utviding i eine enden, denne sjakta er målt inn, men sjølve strukturen har ikkje vorte målt inn eller beskrive (Figur 7). Det er heller ikkje laga noko teikning av strukturen, men nokre arbeidsfoto føreligg (Figur 16) og det ser ut til at det er ei kollinse i profil og at det har vore noko potensielt raudbrent sand i plan. Det vart datert ei trekullprøve frå eldstaden som ga resultatet 981 – 836 f.Kr. (Tabell 1).



Figur 16: Til venstre: eldstad med sjakt grave igjennom, kol synleg i profil. Til venstre: eldstaden i plan, antatt raudbrent sand markert med raud stipla line (OBS! farge manipulert for å betre vise den raude sanden).

DATERINGER

Det vart sendt inn to kolprøve frå kvar av fangstgropene, samt ei prøve frå ein struktur tolka som ein eldstad (Tabell 1). Prøvene frå dei ulike gropene kom tilbake med dateringar frå eit relativt stort tidssprang. Eldste datering frå voll er frå grop 1 med ei datering på 3652 – 3528 fvt. Den yngste dateringa frå voll kjem frå grop 3 med ei datering på 914 – 822 fvt. Gjennomgåande frå alle gropene er at dateringa frå under voll er eldre enn dateringane frå botnen av nedgravinga. Det største spranget i datering mellom voll og botn finn vi i grop 1, der det er 2662 år (maksimalt) i skilnad, grop 2 har ei liknande datering med 2300 år mellom dateringane. Det minste spranget finn vi i grop 3, her er det 123 år i skilnad mellom dateringane og i grop 4 er det ein skilnad på 497 år.

TRa nr.	Intrasis ID	Funnkontekst	Prøvetype	Datert Materiale	C14 alder	Kalibrert alder (95,4%)
25210	24126	Eldstad, 50cm djupne	Kull	Pinus	2769±16 BP	981 – 836 BC
25211	24138	Grop 1 (Botn)	Kull	Pinus	2877±17 BP	1122 – 990 BC
25212	24151	Grop 1 (Voll)	Kull	Pinus og Sorbus/Prunus	4832±30 BP	3652 – 3528 BC
25213	22016	Grop 2 (Botn)	Kull	Pinus	2865±15 BP	1114 – 982 BC
25214	22021	Grop 2 (Voll)	Kull	Pinus	4500±21 BP	3344 – 3099 BC
25215	22001	Grop 3 (Botn)	Kull	Pinus	2629±15 BP	811 – 791 BC
25216	24009	Grop 3 (Voll)	Kull	Pinus	2731±16 BP	914 – 822 BC
25217	23027	Grop 4 (Botn)	Kull	Betula	3430±16 BP	1871 – 1641 BC
25218	24097	Grop 4 (Voll)	Kull	Pinus	3671±20 BP	2138 – 1973 BC


Tabell 1: Dateringsprøver frå Storjord

OPPSUMMERING OG DISKUSJON

Denne undersøkinga tok føre seg fire fangsgroper som låg på ei fin rekke i dalbotnen i Saltdalen og ein potensiell eldstad som ligg i området mellom grop 3 og 4. Fangsgropene har ein gjennomsnittleg diameter på 5,8m og ei gjennomsnittleg djupne (frå topp av voll til botn av antatt nedgraving) på 2,52m. Gropene ligg, med ein gjennomsnittleg avstand, frå kvarandre på 26m. Stratigrafien er svært lik i alle gropene med torv i toppen, deretter eit lag av lys grå sand/grus (utvaskingslag), brun sand/grus med stein og i botnen grov sand med mørk grå farge. Berre grop 1 skil seg noko ved at det her også er innslag av raud sand i profil.

Dateringane frå profilane som går gjennom gropene viser til potensiell bruk i periodane yngre steinalder og tidleg metalltid med ei eldste datering på 3652 fvt. og ei yngste datering på 791 fvt. Bruksfasen er likevel mest sannsynleg knytt til dateringane frå botnen av gropene då desse er nærare knytt til menneskeleg aktivitet mens prøvane frå under vollane truleg representerer fossil markoverflate. Som vist i figuren under (Figur 17) er alle dateringane frå botnen av gropene, samt dateringane frå eldstaden, yngre enn dateringane frå under vollane. For tre av gropene, samt eldstaden, legg desse dateringane seg mellom 1100 og 844 fvt. Ein «Rcombine» i Oxcal v4.4 av disse dateringane gir 90% sannsyn for ei bruksperiode til 978-844 fvt.

Dateringane gir oss diverre ikkje noko direkte innsyn i om gropene har vore i kontinuerleg bruk, eller om det er distinkte bruksperioder med opphald i mellom.



Figur 17: Alle dateringane frå lokaliteten

Som nemnt er dette dei fyrste fangsgropene i Nordland som har vorte undersøkt av Noregs arktiske universitetsmuseum, som betyr at vi har lite kunnskap om denne typen kulturminne i dette området. Funna føyer seg likevel inn i ei lang rekke av kulturminne i Saltdalen. Denne lokaliteten er difor med på å teikne eit heilskapleg bilete av den førhistoriske aktiviteten som har gått føre seg i dalen.

Denne lokaliteten er heilt tydeleg del av eit større fangstanlegg som held fram på andre sida av elva, her finn vi nemleg ytterlegare seks fangstgroper. Denne lokaliteten har id 47459 i Askeladden og er ikkje undersøkt (Figur 18). I tillegg til dette fangstanlegget er det registrert eitt anlegg med to groper berre ca. 280m lenger nord-vest i dalen (id 47457). Ei fangstgrop som ligg ca. 5,8km lenger nord-vest i dalen enn vår lokalitet (på vestsida av elva med id 56784-1) er registrert til å ligge midt i eit elgråkk. Ca. 2 mil lenger nord i dalen, på Sagmoen/Hemmoen ligg

eit stort fangstanlegg bestående av 22 groper (id 215654 og 224304). Ingen av desse fangstlokalitetane, eller andre i dalen, har vorte undersøkt eller datert, men det er tydeleg at det har vore stor jaktverksamheit i dalen.

Gropene er djupe med ei gjennomsnittsdjupne på 2,52m. Reinsdyr har ei skulderhøgde på inntil 125 cm, elgoksen har ei skulderhøgde på inntil 220cm. Det kan tyde på at dette fangstanlegget er etablert for jakt på elg. Det er likevel mykje villrein i området, med mange naturlege trekkleier i dalen, men pr i dag ingen som går langs dalbotnen i retning NV/SØ ([Kilden - reindrift](#)). Dalen er nytta som vinterbeite for rein og i noko grad som vårbeite. Som tidlegare nemnt er det også fleire lokalitetar knytt til samisk villreinjakt om lag 18km sør/sør-aust for Storjord. Desse buplassane har ei yngre datering enn dei vi har frå Storjord, men det er tydeleg at området også har stort potensiale for fangst av rein. Dette opnar for at anlegget har vore nytta til fangst av begge desse dyra, men at det er dimensjonert for det største dyret.

Anlegget har truleg vore meir omfattande i førhistorisk tid enn det er i dag då det ser ut som ei, eller fleire, groper har gått tapt. Lønselva er ei meandrande elv og anlegget er plassert på kvar side av ein stor meander (i dagens landskap). Om ein ser på lidarkart ser ein at på nord-austleg side av elva har vi ei fangstgrop med litt avstand frå elvebreidda, på sør-vestleg side av elva er det i dag langt frå ei fangstgrop til elvebreidda, men den gropa som ligg nærast, ligg heilt på kanten av det som har vore elvebreidda tidlegare, før ho begynte å svinge andre vegen. Det er difor truleg at dette anlegget består av totalt 11 fangstgroper (i dag) og då har det effektivt blokkert heile dalbotnen. Det er også truleg at det har vore ei fangstgrop under dagens E6. Lengda mellom grop 4 og 5 er 55m (frå topp av voll til topp av voll). Gjennomsnittslengda mellom dei fire undersøkte gropene er 25,3m, altså er det rimeleg å tru at det også ville vore ei grop mellom grop 4 og 5.



Figur 18: Oppe i høgre hjørne: Undersøkt lokalitet med ID: 37433.
Nede i venstre hjørne: Ikkje undersøkt lokalitet med ID: 47459.
(skjermbilete frå askeladden.no)

Anlegget bær preg av ei standardisert utforming med svært lik storleik på gropene og jamn avstand mellom desse. Anlegget har også vore i bruk over lengre tid og ein må forvente at eit slikt anlegg krev noko vedlikehald og klargjering før kvar jaktseong. Det vart ikkje identifisert nokre form for innvendige konstruksjonar i gropene. Slike konstruksjonar er dokumentert frå andre

undersøkingar og består som regel av ei indre kasse av tre (Jordhøy, P. et.al. 2005). Dersom det stemmer at det ikkje fantast slike i dette fangstanlegget, må det har vore desto meir krevjande å setje anlegget i stand før kvar jaktseason. Undergrunnen består av sand, grus og stein som det er tungt å grave i. Slakt av elg er også krevjande og skal ein sikre at ein får omarbeidd kjøtet før det vert dårleg treng ein fleire hender som kan hjelpe til. Med slike anlegg som består av mange groper risikera ein også at meir enn eitt dyr går i fella omlag samtidig. Dette har ikkje vore ein einmannsjobb, men truleg vitnar dette om ei større sosial organisering kor slike fangstanlegg har vorte etablerte, vedlikehalde og nytta som gruppeaktivitet.

KJELDER

Jordhøy, P., Binns, K.S. & Hoem, S. A. 2005. *Gammel jakt- og fangstkultur som indikator for eldre tiders jaktorganisering, ressurspolitikk og trekkemønster hos rein i Dovretraktene*. NINA-Norsk institutt for naturforskning. NINA Rapport; 19. <https://brage.nina.no/nina-xmloi/handle/11250/2431805> (Henta: 04.04.25)

Niemi, A. & Lind, K. 2022. *Prosjektplan*

Storli, Inger (1992): «Stalloboplassene». Spor etter de første fjellsamer? Novus forlag. Institutt for sammenlignende kulturforskning.

Simonsen, P. (1958). *Funn og fortidsminner i Indre Salten*. Tromsø: Tromsø museum.

<https://kilden.nibio.no/?topic=rein-drift&zoom=9.1&x=7411320.2&y=517686.65&bgLayer=graatone&layers=reindrif trekk-lei&layers opacity=0.75&layers visibility=true> (Henta: 02.04.25)

<https://kilden.nibio.no/?topic=rein-drift&zoom=9.1&x=7411320.2&y=517686.65&bgLayer=graatone&layers=vinterbeite tidlig.vinterbeite sen intensiv&layers opacity=0.75,0.75&layers visibility=true,true> (Henta: 02.04.25)

National Laboratory for Age Determination
14C Result Report

Alice Sunde Kvalheim
Norjies arkitektske universitetstetmuseum
Lars Thierfings veg 10
9006 Tromsø

alice.s.kvalheim@uit.no

Measurement references:
Sailer et al., Radiocarbon 61(6), 2019

Calibration references:
OxCal v4.4.4 Bronk Ramsey (2021); r5
Atmospheric data from Reimer et al (2020)

Sample Name	Fraction	14C content (pMC)	14C Age (rounded)	d13C (from AMS system)	Calibrated Age Ranges	Wood species	% C mgC	Fraction Yield(%)	14C Age (not rounded)
TRa-25210_24126	1 piece Pinus sp., alkali residue	70.84 ± 0.14	2770 ± 15 BP	-27.6 ± 2.3 ‰	68.3% probability 968BC (3.6%) 960BC 931BC (47.5%) 897BC 870BC (17.2%) 8468C 95.4% probability 881BC (14.1%) 847BC 941BC (81.4%) 836BC	Pinus sp. - 1 piece; No other species were found.	68 1.76	69	2769 ± 16 BP
TRa-25211_24138	3 pieces Pinus sp., alkali residue	69.90 ± 0.14	2875 ± 15 BP	-25.5 ± 1.8 ‰	68.3% probability 1108BC (9.6%) 1095BC 1081BC (10.1%) 1068BC 1056BC (48.6%) 1011BC 95.4% probability 1122BC (95.4%) 9008C	Pinus sp. - 3 pieces; No other species were found.	73 1.76	41	2877 ± 17 BP
TRa-25212_24151	2 pieces Sorbus/Pinus sp. 2 pieces Dicotyledon., alkali residue	54.80 ± 0.18	4830 ± 30 BP	-28.6 ± 1.9 ‰	68.3% probability 3647BC (4.3%) 3627BC 3560BC (53.5%) 3535BC 95.4% probability 3652BC (44.0%) 3600BC 3590BC (61.5%) 3528BC	Sorbus / Pinus sp. - 2 pieces; Dicotyledon wood - 2 pieces; All charcoal has been used.	25 0.66	24	4832 ± 30 BP
TRa-25213_22016	3 pieces Pinus sp., alkali residue	70.01 ± 0.12	2865 ± 15 BP	-26.2 ± 1.9 ‰	68.3% probability 1104BC (2.0%) 1100BC 1078BC (3.5%) 1071BC 1055BC (62.7%) 1009BC 95.4% probability 1114BC (93.8%) 962BC	Pinus sp. - 3 pieces; No other species were found.	69 1.66	19	2865 ± 15 BP
TRa-25214_22021	2 pieces Pinus sp., alkali residue	57.11 ± 0.15	4500 ± 20 BP	-25.6 ± 2.2 ‰	68.3% probability 3337BC (9.8%) 3315BC 3295BC (3.3%) 3287BC 3240BC (14.1%) 3211BC 3193BC (41.0%) 3105BC 95.4% probability 3344BC (90.3%) 3261BC 3251BC (65.1%) 3099BC	Pinus sp. - 2 pieces; No other species were found.	69 1.85	55	4500 ± 21 BP
TRa-25215_22001	2 pieces Pinus sp., alkali residue	72.09 ± 0.12	2630 ± 15 BP	-27.9 ± 1.9 ‰	68.3% probability 807BC (68.3%) 797BC 95.4% probability 811BC (65.4%) 791BC	Pinus sp. - 2 pieces; No other species were found.	64 1.65	48	2629 ± 15 BP
TRa-25216_24009	1 piece Pinus sp., alkali residue	71.18 ± 0.14	2730 ± 15 BP	-27.5 ± 3.4 ‰	68.3% probability 889BC (8.5%) 891BC 881BC (59.8%) 833BC 95.4% probability 912BC (65.4%) 824BC	Pinus sp. - 2 pieces; No other species were found.	75 1.80	68	2731 ± 17 BP
TRa-25217_23027	1 piece Betula sp., alkali residue	65.24 ± 0.12	3430 ± 15 BP	-25.8 ± 2.0 ‰	68.3% probability 1751BC (22.1%) 1731BC 1728BC (46.2%) 1689BC 95.4% probability 1871BC (9.5%) 1846BC 1779BC (63.7%) 1673BC 1655BC (2.3%) 1641BC	Betula sp. - 1 piece.	69 1.79	55	3430 ± 16 BP
TRa-25218_24097	1 piece Pinus sp., alkali residue	63.32 ± 0.16	3670 ± 20 BP	-26.6 ± 2.4 ‰	68.3% probability 2131BC (40.1%) 2068BC 2047BC (20.3%) 2023BC 1984BC (7.8%) 1963BC 95.4% probability 2138BC (61.8%) 2011BC 2002BC (13.6%) 1973BC	Pinus sp. - 1 piece; No other species were found.	69 1.93	50	3671 ± 20 BP